

ÅRSMELDING 2018



INNHALD

STYRET I FITJAR KRAFTLAG	2
ÅRSMELDING 2018	3
ÅRSREGNSKAP 2018	13
RESULTATREGNSKAP	13
BALANSE	14
SAMFUNNSREGNSKAP	16
KONTANTSTRAUMOPPSTILLING	17
NØKKELTAL 2014 - 2018	18
NOTAR	19
REVISJONSMELDING	31

STYRET I FITJAR KRAFTLAG



Agnar Aarskog



Mette Fitjar



Simen Løland Aarskog



Torstein Grimen



Oddbjørg Lillenes



Midtvatnet

ÅRSMELDING 2018

Fitjar Kraftlag SA er eit ålmennyttig samvirkeforetak.

Føremålet til foretaket er å:

- Fremja interessene til innbyggjara og verksemder i konsesjonsområde (slik dette var per 1. januar 2018, seinare i vedtektene omtalt som "konsesjonsområdet").
- Eiga aksjar i selskap som driv nettverksemd.
- Omsetja elektrisk energi.
- Produsera energi eller delta som eigar i produksjonsanlegg eller -selskap.
- Eiga, byggja og driva breibandsnett og andre elektroniske kommunikasjonsløysingar.
- Eiga, driva, yta midlar til eller delta i anna verksemd med naturleg tilknytning til føremålet.
- Delta i tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområdet.
- Yta gåver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområdet. Overskotet skal primært nyttast til vidareutvikling av Kraftlaget i samsvar med føremålet, ålmennyttige tiltak som kan koma medlemar, og lokalsamfunnet i konsesjonsområdet til gode dernest kjøpsutbyte.

Fitjar Kraftlag SA sitt forretningskontor er i Fitjar kommune.



Marius Onarheim med AMS målarar.

Det er ikkje lenger eit krav etter rekneskapslova at det vert avlagt årsmelding. Styret har likevel valt å utarbeide årsmelding, men der innhaldet er tilpassa til at dette ikkje lenger er eit lovkrav.

Grunna auka krav og fokus til personvern har styret også valt å tilpassa årsmeldinga i omsyn til dette.

ÅLMENT

2018 har som dei siste åra vore eit år med stor aktivitet. Det har vore spesielt mykje knytt til nettverksemda med utrulling av AMS målarar, innføring av felles datahub for heile kraftbransjen (elhub), nye kablar til det landbaserte oppdrettsanlegget ved Kjærelva og til ferjelading på Sandvikvåg. I tillegg til dette har det vore jobba mykje med omstilling av Fitjar Kraftlag, og transaksjon av nettverksemda til Haugaland Kraft Nett AS.

Me har ikkje hatt krevjande vørsituasjonar dette året, drifta har vore stabil både på breibands-

nettet og distribusjonsnettet. KILE kostnaden er låg og i nærleiken av forventninga på lang sikt. Arbeid med å leggja meir kabel, rydda skog langs liner og forbetring av fjernstyringsanlegget er vidareført.

Prosjekta som er gjennomført er grunna ny forsyning, eller behov for auka kapasitet til eksisterande kundar. Det er også gjennomført fleire prosjekt i samband med andre infrastrukturprosjekt i området vårt.

Drifta av produksjonsanlegga har vore krevjande dei siste åra, men det var god produksjon siste halvår etter at røyrbrotet på Rimbareid Kraftverk (oppstod i 2017) vart godkjent av NVE og driftsett.

Driftsresultatet og årsresultatet etter skatt er positivt. Store investeringar dei siste åra både i distribusjonsnettet, breibandsnettet og i selskap me har eigarandelar i, gjer at det er press på likviditeten i selskapet. Økonomien elles i Kraftlaget er god.

DISTRIBUSJONSNETTET

Nettdrifta har generelt vore stabil.

KILE-kostnadane (Kvalitetsjustert Inntektsramme for ikkje Levert Energi) er noko redusert frå 2017 nivået. Ned frå 352 tusen kr i 2017 til 103 tusen kr i 2018.

I 2018 har Kraftlaget halde fram med investering i nettet. Det er satsa på investering i nettet for å ha eit robust nett og ein framtidsretta nettstruktur med mykje kabel og fjernstyring. Dette arbeidet blir oftast gjort i samarbeid med kommune (veg, vatn og avlaup), Statens Vegvesen, andre bedrifter og private personar. Dette gjer at arbeidet blir effektivt og at den totale samfunnskostnaden blir lågast mogleg. Ein kan då samarbeida om graving av grøfter som gjev minst mogleg utfordring for trafikk, og lokalsamfunn ved gjennomføring av prosjekta. Det er investert ca. 14,6 mill. kr i distribusjonsnettet, mykje grunna ein betydelig aktivitet i nettområdet vårt og dei nye målarane.

I 2018 har Kraftlaget prioritert:

- *Øvrebygda / Sjoareset / Tislevoll*
I samband med kommunen sitt prosjekt er nettanlegget i området rusta opp. Dette gjeld både nettstasjonar, høgspen- og lågspentanlegg.
- *Rimbareid – Vik*
Avslutning av prosjektet som starta i 2017. Omlegging av høgspen- og lågspentanlegg. I tillegg vart nokre liner lagt om til kabel i samband med vegprosjekt.
- *Sjøtroll avd. Kjærelva*
Det er sett i drift 2 nye nettstasjonar på området i 2018, den tredje er montert og blir driftssatt i 2019. Det er lagt ca. 4 km med ny høgspenkabel i grøft for å kunne dekke behovet til effektuttak på Kjærelva. Fra Årskog til Rimbareid, samt fra Reino mot Kjærelva.
- *Hellandsfjorden*
Samarbeid med grunneigar om ny høg-

spenkabel i grøft og ny nettstasjon. Ein del lavspent er bygd om frå luft til bakke.

- *Koløyholmen*
Ny nettstasjon med 230V forsyning til hytter og 400V forsyning til oppdrettsanlegg var ferdig og blei driftssatt april 2018. Ein del av linjenettet på holmen ble bygd om og luftstrek inn til land blei fjerna. Pga. endra behov frå oppdragsgjevar ble nettstasjonen bygd om til ny større transformator og klargjort for 1000V forsyning til fiskeoppdrett.
- *Sandvikvåg*
Det er lagt ny høgspenkabel frå Spanstegen til krysset ved Sandvikvåg og satt opp ny nettstasjon på Spanstegen. Ny nettstasjon for forsyning til ladeanlegg på Sandvikvåg er montert og blir driftssatt i 2019.
- *Lågspentanlegg*
Det er skifta ut/oppgradert mykje lågspennett i fleire områder, til dømes i Dåfjorden, Svartasmoget og på Kråko.
- *Drift*
Fortsatt fokus på å betra fjernstyringa i nettet, ombygging av eldre koplingsanlegg og jordinga i nettet, til dømes frå Gloppo til Sandvik.
- *AMS*
OneCo begynte med montering av konsentratorer i nettstasjonar og montering av nye AMS-målere våren 2018. Hovedutrullinga er ferdig og det gjenstår kun clean-up jobber.
- *Soløy*
Oppgradert forsyning og ny nettstasjon til fiskeoppdrett.
- *Lysløype fra Olstjørn*
Lagt ny kabel for forsyning til gatelys og satt opp fordelingssskap ved gapahuk.
- *Anna*
Torkel Nesbjørg gjennomførte fagprøve i 2018 (ny nettstasjon i Lio og bytta ein stolpe på Tveit).



Fitjar

NETT-TARIFFAR

NVE fastset den samla inntektsramma for nettverksemda. Ramma vart auka frå 21,3 mill. kr i 2017 til 23,2 mill. i 2018.

Kraftlaget fastset tariffar (nettleige) ut frå tildelt inntektsramme frå Norges Vassdrags- og Energidirektorat (NVE). Tariffen frå 2017 til 2018 vart justert. Fastleddet vart auka med 500 kr og energileddet vart redusert med 1 øre/kWh.

Forbruksavgifta til staten auka med 0,26 øre/kWh frå 16,32 øre/kWh pr. 01.01.2017 til 16,58 øre/kWh pr. 01.01.2018. Enova-avgifta var uendra på 1 øre/kWh. MVA kjem i tillegg på desse avgiftene.

Grunna auka inntektsramme, og auka forbruk-savgift vart total tariffkostnad inklusiv MVA ut til kundane våre auka med 625 kr på fastleiga, medan energileddet vart redusert med 0,92 øre/kWh. For nærare informasjon, sjå note 3.

DLE – DET LOKALE EL. TILSYN

Det er utført kontrollar av bustader, hytter, næringsbygg, driftsbygningar og kommunale anlegg. Kontrollane har vore i samband med nye anlegg, eldre anlegg og anlegg der forbruksmønsteret er endra. I alt vart det utført 160 kontrollar.

Ved kontroll er det lagt vekt på brannsikring og informasjon om rett bruk av elektrisk utstyr. Dei fleste kontrollane er utført av Sun Elsikkerhet AS. Dette er eit selskap etablert i fellesskap av Austevoll Kraftlag, Tysnes Kraftlag, Fusa Kraftlag, Finnås Kraftlag og Fitjar Kraftlag for utføring av DLE- tenester.

Fitjar Kraftlag deltok også på open dag på Fitjar brannstasjon i lag med brannvesenet.

KRAFTPRODUKSJON

I 2018 fekk me driftsett Rimbareid Kraftverk etter røyrbrotet i 2017. Då det er krevjande regulering og spesifikke krav frå NVE for denne type reparasjonar tok det uforholdsmessig lang tid og få reparert dette røyrbrotet. Me har og hatt utfordringar med anlegg for vasstandsmåling og reguleringsanlegg. Dette vil me jobba vidare med då me ikkje er nøgd med dagens kvalitet. Det vil bli lagt opp til investering i nye kontrollanlegg dei komande åra.

Produksjonen i Årskog kraftstasjon har vore stabil i 2018. Produksjonen frå Rimbareid kraftstasjon var stabil etter driftsetjing etter reparasjon.

Total produksjon vart om lag 7,5 % lågare i 2018 enn 2017. Produksjonen var om lag 2 % under middelproduksjon dei siste 10 åra. Total produksjon var 4,7 GWh.

KRAFTOMSETNING

2018 vart eit uvanleg år når ein ser på kraftpris utviklinga. Det vart brått sommar i april og mykje av snømagasina fordampa før dei kom i magasina. Vidare kom det lite nedbør utover sommaren noko som resulterte i ein rekordhøg kraftpris på sommaren.

Dette resulterte i eit år med rekord høge kraftprisar i Norden. Fjoråret går inn i historia som eit tørrår (20% mindre nedbør enn normalt) og saman med auka kontinentale prisar gav det støtte til dei rekordhøge nordiske kraftprisane. Systemprisen i Norden endte på 42,26 øre/kWh. Dette er på nivå med tysk spot pris og heile 14,8 øre/kWh høgare enn i 2017. Ei auke på heile 54%.

Kraftlaget gjorde vellykkede prissikringer på slutten av året som bidro til stabile og bedre prisar ut til kundane. Kraftlaget økte marknadsandelen sin gjennom året. Det dårlege resultatet var at Kraftlaget heldt for låg pris

på våren og sommaren då ein forventar ein prisreduksjon mens det kom ei prisauke.

Våre kundar fekk fordel av dette med relativt låge kraftprisar.

BREIBAND

Kraftlaget har hatt store oppgraderingar i 2018 og investert mykje i eit betre og meir robust fibernettverk. Breibandsnodane i Årskog og Kråko er oppgradert slik at nye kundar kan få mulighet for høgare hastighet.

Det er satt opp ny breibandsnode i Øvrebygda slik at kundar kan få mulighet for gigabit infrastruktur. I tillegg er det oppgradert fibernett i samband med veg arbeid i områda Koløy og Tislevoll.

Oppgradering av breibandsnettet er viktig. Slik at våre kundar har moglegheit til å bestilla det nyaste innan Altibox som gir gigabit-forbindelse og nyare tv/streaming løysingar.

Ved årsskiftet hadde me 1366 kundar, dette er ein auke på 64 kundar i 2018.

ØVRIG VERKSEMD

Det er gjort generelt vedlikehald på gatelys i Fitjar kommune og Bømlø kommune (Brandasund). Fitjar Kraftlag har og hatt arbeid for Midtfjellet Vindkraft i forbindelse med utbygging av fase 3. Det har vore ombygd trafoar for Finnås Kraftlag.

Ein montør var utleigd til Haugaland Kraft deler av året i tilknytning til ombygging av Årskog sekundærstasjon. Gassanlegget er selt, nedskrive og satsinga avslutta.

ÅLMENNYTTIGE FØREMÅL/SPONSORSTØTTE

Kraftlaget har støtta lag, organisasjonar og enkelttiltak i Fitjar med 655 007 kroner. Herav er 574 000 kroner knytt til ålmennyttige føremål.



Rimbareid kraftstasjon

I samband med transaksjonen med Haugaland Kraft som blir gjennomført 11.2019 vart det delt ut 500 000 kroner til 4 større ålmennyttinge føremål:

- Fitjar Skytterlag 110 000,- (miniatyrskyttebane)
- Fitjar Idrettslag 110 000,- (nytt klubbhus)
- Fitjar Skulekorps og Fitjar Musikklag 110 000,- (nye pauker)
- Fitjar Kultur og Idrettsbygg 170 000,- (rullelerret i Kultursal)

INFORMASJON

Kraftlaget nyttar nettstaden www.fitjar-kraftlag.no til informasjon om alle tilhøve kring drifta av Kraftlaget og til prisinformasjon. Kraftlaget sender ut SMS ved kraftprisendring. Kraftlaget tilstrebar at varsling av planlagt arbeid blir sendt på SMS og anna viktig

informasjon. Fitjar Kraftlag sender ut magasinet «Vår Energi» som tar for seg relevante saker for våre kundar, der ein har hatt eiga framside og innlegg i nokre utgåver. Facebook side vart oppretta i haust og denne vil bli nytta aktivt framover. Søk oss gjerne opp der! Fitjarposten vert og nytta til informasjon.

ORGANISASJON OG PERSONALE

Kraftlaget hadde ved årsskiftet i alt 18 tilsette. Det vart utført til saman 18 årsverk dette året. Kraftlaget søker å tilby læreplassar kvart år.

FRAMTIDSUTSIKTER

Distribusjonsnett

Det er mykje aktivitet i lokalsamfunnet, spesielt på infrastruktur- og havbrukssida, med lading og landstraum av ferje, og satsing på landanlegg for oppdrett av yngel og fisk. Noko av dette har det vore mykje arbeid med i 2018 som vil bli avslutta i 2019. For å styrka forsyningssituasjonen vil Haugaland Kraft avslutta sitt arbeid med å oppgradera sitt koplingsanlegg og setja opp transformator nr 2. på Årskog i løpet av 1 halvår 2019.

Dette sikrar N-1 prinsippet (ved havari på ein transformator vil ikkje kundane merka noko) for feil i regionalnettet og sikra straumforsyninga til lokalsamfunnet på ein god måte.

Frå 11.2019 har Haugaland Kraft som kjend overtatt nettverksemda frå Fitjar Kraftlag. Dei vil vidareføra det gode arbeidet med å sikra leveringssikkerheita i framtida med eigen avdeling på Årskog. Dette gjer også at kundane til Fitjar Kraftlag vil spara over 10 mill. kr pr. år, i åra som kjem.

Me takkar våre kundar for godt samarbeid i alle dei 83 åra Kraftlaget har sikra straumforsyninga til bygda.

Breiband

Me får stadig nye kundar og har hatt 60-100 nye kundar kvart år dei siste åra. Det er gjennomført større endringar i nodar og hovudfiber

for å kunna utnytta fibernettet betre og kunna levera større hastigheitar til våre kundar med den nye tv plattformen vår.

Me skal også ha fokus på best mogleg innhald og tenester gjennom vårt samarbeid med Altibox. Den nye tv-plattformen har vore populær og me har fått positive tilbakemeldingar på denne.

Produksjon

Produksjonsanlegga er aldrande og me har hatt reparasjon og revisjon på aggregata dei 3-5 siste åra. Dei komande åra vil me skifta ut kontroll- og reguleringsanlegga for å få betre overvaking og optimalisering av anlegga.

Det er utsyn til noko betre straumprisar dei komande åra. Dette gjer at det er mogeleg å få til positivt driftsresultat også etter avskrivningar. Men dette er avhengig av at ein har høg

oppetid i anlegget så anlegga får produsert så mykje som mogeleg.

Sjølv om driftsresultata dei siste åra har vore dårlege og til dels negative har EBITDA vore positivt. Me ventar å stabilisera produksjonsvolumet opp mot 100 % av potensialet og det er forventa betra prisar i åra som kjem, spesielt ut over 2020.

Kraftomsetning

Det er stor konkurranse i dette segmentet. Me blir pressa av mange leverandørar som vil ta vår marknadsandel, spesielt på Fitjar. Konkurransen vil ikkje avta dei komande åra. I tillegg kjem mellom anna prosjekt som Elhub, NBS og einfaktura-løysing. Dette vil føra til dramatiske endringar i kvardagen dei komande åra. Me vil i åra som kjem ha fokus på driftssystem og kostnader. Større fokus på å auka vår kundemasse, primært lokalt, og på større kundar for



Peter Nordfonn i Rossneset.

å auka volum. Me vil fokusera på truverdigheit, enkle prisar utan skjulte kostnader, rask og god kundeservice.

Strategi

Styret i Kraftlaget har dei siste åra brukt mykje tid på ein strategi for framtida. Framtida vil i seg sjølv vera utfordrande med nye reguleringar, digitalisering av kraftbransjen, stadig auka krav frå både myndigheiter, kundar og samfunnet.

I løpet av våren og sommaren vart det framforhandla ein avtale rundt overføring av eigarskapen i Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) og nettverksemda mot eigarskap i Haugaland Kraft AS (HK) for å kunna tilpassa selskapet for framtida.

Styret gjennomførte ekstraordinært årsmøte 22. november, der overføring av eigarskapen i SKL AS og nettverksemda til HK vart godkjent. Som motyting fekk Kraftlaget eigarskap i HK.

Fitjar Kraftlag har heilt sidan starten i 1935 vore

samfunnsbyggjaren, dette ynskjer styret Kraftlaget skal vera også i framtida. Styret ynskjer å bruka ressursane i selskapet til det beste for lokalsamfunnet og har jobba for å få dette til på ein best mogeleg måte. Samtidig som ein sikrar det som i dag er kjerneverksemd på ein best måte for framtida. Dette føler styret at ein har oppnådd igjennom transaksjonen. Lokalsamfunnet får ein betydeleg besparing på nettleiga og eit kapitalsterkt lokalt selskap som har lokalt fokus.

I 2019 vil styret arbeida med ny strategi for dei neste åra, og leggja til rette for utbetaling til medlemmane i form av kjøpsutbyte i 2020. Samstundes som ein vil auka mogelegheita for bidrag til lokalsamfunnet igjennom revidering av vedtektene på årsmøtet i 2019.

Me er, og skal vera, ansvarlege, sjå moglegheiter, yta god service og samarbeida. Med dette grunnlaget skal me også i framtida vera samfunnsbyggjaren langt inn i framtida. Vårt slagord er: **Kraft til utvikling!**



Fitjar Kraftlag er stolt bidragsytar til blant anna Fitjar Idrettslag.



STYRET

Kraftlaget har eit styre på fem medlemmer. Fire av medlemmane er valt av årsmøtet, eit medlem med vara er valt av og blant dei tilsette i Kraftlaget. Det er 3 varamedlemmer.

Styremedlemmer:

Agnar Aarskog, styreleiar

Simen L. Aarskog, nestleiar

Mette Fitjar, styremedlem

Torstein Grimen, styremedlem

*Erlend Dalen, styremedlem deler av året,
tilsettevalt*

*Oddbjørg Lillenes, styremedlem deler av året,
tilsettevalt*

Varamedlemmer:

1. Ingrid Sundal

2. Magne Siglen

Tilsettevalt vara: Oddbjørg Lillenes

Valnemnd:

Valnemnda har tre medlemmer som er valt av

årsmøtet. Valnemnda har konstituert seg sjølv.

Desse er i valnemnda:

Tor Henning Vestbøstad

Leif Helge Engelsen

Kari Raunholm

PARTSKAPITAL

Det er totalt 3058 partar fordelt på 825 parts-eigarar.

Partskapital pr 31.12 er på kr 5 134 848 inklusiv renter.

RENTER PÅ PARTSKAPITALEN

Styret rår til at rentefoten på partskapitalen i 2018 vert sett lik skjermingsrenta på 0,8 %..

RESULTAT

Styret legg opp til at årsoverskotet på kr 5.405.301 vert disponert slik:

Overskotet på kr 5.405.301 vert rekna mot annan eigenkapital.

Det vert ikkje tilført midlar til etterbetalingsfondet i 2018. Etterbetalingsfondet er på kr 5.000.000 pr. 31.12.2018.

Rentesats på partskapitalen vert sett lik skjermingsrenta på 0,8 %.


Rentesaldoen vert tilført partskapitalen med verknad frå 06.06.2019.

KJØPSUTBYTTE


Det skal ikkje betalast kjøpsutbytte for handel i 2018, jfr. vedtektene § 9.

Styret


Fitjar, 10. april 2019



Agnar Aarskog
Styreleiar




Mette Fitjar



Simen L. Aarskog
Nestleiar



Torstein Grimen



Oddbjørg Lillenes
Tilsettevalt representant



ÅRSREGNSKAP 2018

RESULTATREGNSKAP

	Note	2018	2017
Inntekter			
Kraftinntekter	2	23 103 339	15 821 611
Nettinntekter	2,3	30 392 384	26 940 479
Andre inntekter	2	18 984 120	14 668 935
Sum inntekter		72 479 843	57 431 025
Kraftkjøp mv.			
Kraftkjøp	2,4	22 212 526	11 923 730
Overføringskostnader	2	5 423 219	5 198 901
Andre varekostnader	2	8 268 695	7 109 485
Dekningsbidrag		36 575 402	33 198 909
Eigne driftskostnader			
Personalkostnader m.m	2,5	14 209 861	13 959 094
Ordinære avskrivningar	2,17	5 934 678	5 503 220
Nedskrivning av varige anleggsmidler	2	121 937	0
Andre driftskostnader	2,14	13 547 277	12 181 537
Driftsresultat		2 761 649	1 555 058
Finansinntekter og finanskostnader			
Utbytte		4 542 234	5 400 183
Andre finansinntekter	3,16	134 417	409 465
Andre finanskostnader	16	1 166 418	969 160
Ordinært resultat før skattekostnad		6 271 883	6 395 545
Skattekostnad på ordinært resultat	12	866 582	648 655
Årsresultat		5 405 301	5 746 890
Anvendelse av årsresultatet			
Anna egenkapital	13	5 405 301	5 746 890
Sum anvendelse		5 405 301	5 746 890


BALANSE

	Note	2018	2017
Eigedelar			
Anleggsmidler			
Immaterielle eigedelar			
Utsatt skattefordel	12	1 782 103	1 795 816
Sum immaterielle eigedelar		1 782 103	1 795 816
Varige driftsmidler			
Tomtar, bygningar og anna fast eigedom	17	9 637 571	10 062 291
Driftslausøyre, inventar, verktoy, kontormaskinar o.l.	17	423 457	547 451
Kraftproduksjonsanlegg og nett	17	62 126 785	55 854 922
Breibandsanlegg	17	7 572 866	6 402 608
Sum varige driftsmidler		79 760 679	72 867 272
Finansielle anleggsmidler			
Investering i aksjar og andelar	10	45 943 067	45 935 099
Langsiktige fordringar	6	7 347 457	6 306 028
Pensjonsmidlar	5	786 063	696 000
Sum finansielle anleggsmidler		54 076 587	52 937 126
Sum anleggsmidler		135 619 369	127 600 214
Omløpsmidlar			
Varer	7	3 685 348	2 683 047
Fordringar			
Kundefordringar	6	19 174 811	15 213 149
Andre fordringar		524 727	39 760
Sum fordringar		19 699 538	15 252 909
Bankinnskot, kontantar og liknande	8	4 754 682	1 771 037
Sum omløpsmidlar		28 139 568	19 706 992
Sum eigedelar		163 758 937	147 307 206

BALANSE


	Note	2018	2017
Eigenkapital og gjeld			
<i>Eigenkapital</i>			
Innskoten eigenkapital			
Partskapital	13	5 134 848	4 943 669
Sum innskutt eigenkapital		5 134 848	4 943 669
Opptent eigenkapital			
Etterbetalingsfond	13	5 000 000	5 000 000
Annan eigenkapital	13	93 769 521	88 242 315
Sum opptent eigenkapital		98 769 521	93 242 315
Sum eigenkapital		103 904 368	98 185 984
Avsetning for forpliktelsar			
Utsatt skatt	12	0	0
Sum avsetning for forpliktelsar		0	0
<i>Gjeld</i>			
Anna langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	11	41 614 584	35 573 500
Sum anna langsiktig gjeld		41 614 584	35 573 500
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		12 236 840	6 589 136
Betalbar skatt	12	852 869	626 820
Skyldige offentlege avgifter		3 294 406	3 622 669
Anna kortsiktig gjeld	15	1 855 870	2 709 097
Sum kortsiktig gjeld		18 239 984	13 547 722
Sum gjeld		59 854 568	49 121 222
Sum eigenkapital og gjeld		163 758 937	147 307 206

SAMFUNNSREGNSKAP



TILBAKEFØRT TIL FITJARSAMFUNNET

	2018	2017
Skatt på løn	658	746
Eigedomsskatt	401	403
Kjøp av varer og tenester	14 384	5 134
Ålmennyttige føremål/sponsorstøtte	655	544
Netto utbetalt løn	4 995	5 074
Sum	21 093	11 901



AVGIFTER TIL STATEN

	2018	2017
Skatt på løn	2 652	2 657
Folketrygd	2 137	2 017
Firmaskatt	867	649
Forbruksavgift staten (el-avgift)	7 143	6 893
Påslag til nettariifen (enovaavgift)	506	504
Meirverdiavgift	2 695	5 138
Sum	16 000	17 858

KONTANTSTRÅUMOPPSTILLING

	2018	2017
Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter		
Resultat før skattekostnad	6 271 883	6 395 545
Periodens betalte skatt	-626 820	-1 426 021
Tap/gevinst ved avgang/salg av anleggsmidler	-69 412	0
Ordinære avskrivningar	5 934 678	5 503 220
Nedskrivning av varige driftsmidler	121 937	0
Endring i varelager, kundefordringer og leverandørgjeld	683 740	62 970
Endring i andre tidsavgrensingsposter	-1 681 520	2 715 552
Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	10 634 486	13 251 265
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter		
Innbetalinger ved salg av varige driftsmidler	70 000	0
Utbetalinger ved investering i varige driftsmidler	-13 025 610	-10 462 720
Utbetalinger ved kjøp av aksjar/andeler i andre foretak	-7 968	-510 692
Innbetalinger ved salg av aksjar/andeler i andre foretak	0	0
Endring langsiktige fordringar	-1 041 430	-1 706 292
Netto kontantstrøm fra investeringsaktiviteter	-14 005 008	-12 679 704
Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter		
Utbetalinger ved nedbetaling av langsiktig gjeld	0	-2 424 500
Innbetalinger i forbindelse med opptak av gjeld	6 041 084	0
Inn-/utbetalinger av egenkapital	313 083	-111 467
Netto kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter	6 354 167	-2 535 967
Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar	2 983 645	-1 964 406
Kontantar og kontantekvivalentar 01.01	1 771 037	3 735 443
Kontantar og kontantekvivalentar 31.12	4 754 682	1 771 037





NØKKELTAL 2014 - 2018

Nøkkeltal	Eining	2018	2017	2016	2015	2014
Kraftinntekter	Tkr	23 103	15 822	13 797	11 635	13 910
Nettinntekter	Tkr	30 392	26 940	28 897	11 796	21 552
Brutto driftsinntekter	Tkr	72 480	57 431	54 901	38 023	51 180
Driftsresultat før avskrivningar (EBITDA)	Tkr	8 696	7 058	9 342	-6 752	4 878
EBITDA margin	%	12 %	12 %	17 %	-18 %	10 %
Ordinære avskrivningar	Tkr	5 935	5 503	5 422	6 760	5 420
Driftsresultat (EBIT)	Tkr	2 762	1 555	3 920	-13 512	-542
Driftsmargin	%	4 %	3 %	7 %	-36 %	-1 %
Resultat før skattar	Tkr	6 272	6 396	4 177	-43 495	4 357
Årsresultat	Tkr	5 405	5 747	4 668	-42 110	3 385
Årlege investeringar	Tkr	12 956	10 463	10 256	11 632	6 060
Totalkapital	Tkr	163 759	147 307	143 505	140 048	162 558
Eigenkapital	Tkr	103 904	98 186	92 551	88 043	130 175
Eigenkapitalprosent	%	63 %	67 %	64 %	63 %	80 %
Produsert energi elektrisk kraft	MWh	4 679	5 055	5 298	4 072	4 660
El forbruk i eige konsesjonsområde	MWh	52 245	49 719	50 988	48 119	46 679
Avkastningsgrunnlag (NVE-kapital)	Tkr	60 476	52 222	48 749	44 596	42 169
Antal nettkundar		2 526	2 502	2 453	2 402	2 340
Antal breibandkundar		1 366	1 302	1 212	1 125	1 050

NOTAR

NOTE 1 | REGNSKAPSPRINSIPP - VERKNAD AV ENDRING AV REGNSKAPSPRINSIPP



- Grunnleggjande prinsipp
- Vurdering og klassifisering
- Andre forhold

I ekstraordinært årsmøte 22. november 2018 blei det vedteke overføring av eigarskapen i Sunnhordland Kraftlag AS og nettverksemda mot eigarskap i Haugaland Kraft AS. Transaksjonen er gjeldande frå 1. januar 2019.

Årsrekneskapen er sett saman av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumsoppstilling og noteopplysningar, og er avlagt i samsvar med aksjelov, rekneskapslov og god rekneskapskikk i Noreg for små foretak gjeldande pr. 31. desember 2018.

Årsrekneskapen er basert på dei grunnleggjande prinsipp om historisk kost, samanlikning med tidlegare år, fortsett drift, kongruens og forsiktighet. Transaksjonar vert rekneskapsført til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekter vert resultatført når dei er opptent og kostnader vert samanstillt med opptente inntekter. Rekneskapsprinsippa vert utdjupa nedanfor.

Eigedelar/gjeld som vedgår varekretsløpet og postar som forfell til betaling innan eit år etter balansedagen, er klassifisert som omløpsmidlar/kortsiktig gjeld. Vurdering av omløpsmidlar/kortsiktig gjeld skjer til lågaste/høgaste verdi av anskaffelseskost og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er definert som antatt framtidig salspris redusert med forventta salskostnader.

Andre eigedelar er klassifisert som anleggsmidlar. Vurdering av anleggsmidlar skjer til anskaffelseskost. Anleggsmidlar som forringast blir avskrivne. Dersom det finn stad ei verdiendring som ikkje er forbigåande, vert det føreteke ei nedskrivning av anleggsmiddelet. Tilsvarande prinsipp vert normalt lagt til grunn for gjeldspostar.

Det er, i samsvar med god rekneskapskikk, nokon unntak frå dei generelle vurderingsreglane. Desse unntaka er kommentert i dei respektive notane. Ved bruk av rekneskapsprinsippa og presentasjon av transaksjonar og andre forhold, skal det leggjast vekt på økonomiske realitetar, ikkje berre juridisk form. Betinga tap som er sannsynlege og kvantifiserbare vert kostnadsført.

REGNSKAPSPRINSIPP FOR VESENTLEGE REGNSKAPSPOSTAR

Inntektsføringstidspunkt

Inntekt vert ført i resultatet når ho er opptent. Inntektsføring skjer normalt på leveringstidspunktet ved sal av varer og tenester. Driftsinntektene er fråtrekt meirverdiavgift, rabattar og fakturerte fraktkostnader.

Kostnadsføringstidspunkt/samanstilling

Utgifter vert samanstillt med og vert kostnadsført samstundes med dei inntekter utgiftene kan henførast til. Utgifter som ikkje



Slåtterøy fyr

kan henførast direkte til inntekter, vert kostnadsførte når dei oppstår.

Varige driftsmidlar

Varige driftsmidlar vert ført i balansen til anskaffelseskost, fråtrekt akkumulerte av- og nedskrivingar. Dersom den reelle verdien av eit driftsmiddel er lågare enn bokført verdi, og dette skuldast årsaker som ikkje reknast å vera forbigåande, vert driftsmiddelet skrive ned til verkeleg verdi. Utgifter i samband med normalt vedlikehald og reparasjonar vert løpande kostnadsførte. Utgifter ved større utskiftingar og fornyingar som aukar driftsmidlane si levetid vesentleg, vert aktiverte. Driftsmidlar som vert erstatta, vert kostnadsførte. Eit driftsmiddel blir sett på som varig dersom det har ei økonomisk levetid på over 3 år, samt ein kostpris på over kroner 15 000.

Ved utskifting av eksisterande linjenett er det lagt vekt på at endringar som medfører heving

av kvalitet eller kapasitet vert aktivert som varige driftsmidlar, medan resterande vert sett på som vedlikehald. Ein syner i denne samanheng til note om driftskostnader og note om anleggsmidlar.

Avskrivingar

Ordinære avskrivingar er rekna lineært over driftsmidlane si økonomiske levetid med utgangspunkt i historisk kostpris. Avskrivingane er klassifisert som ordinære driftskostnader.

Varelager og varekostnad

Lageret vert vurdert til det lågaste av kostpris og antatt salspris. Kostpris for innkjøpte varer er anskaffelseskost. Årets varekostnad er sett saman av kostpris på selde varer med tillegg av nedskriving, i samsvar med god rekneskapskikk.

Fordringar

Fordringar er oppført til pålydande med fråtrekk for forventta tap.

Aksjar og andelar

Investering i aksjar eller andelar som ikkje er marknadsbaserte finansielle omløpsmidlar, vert balanseførte til anskaffelseskost. Rekneskapsføringa følgjer av unntaksregelen for små føretak.

Utsatt skatt og skattekostnad

Utsatt skatt vert rekna på bakgrunn av midlertidige forskjellar mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar ved utgangen av rekneskapsåret. Ved utrekninga vert nominell skattesats brukt. Positive og negative forskjellar blir vurdert mot kvarandre innafor same tidsintervall. Utsatt skattefordel oppstår dersom ein har midlertidige forskjellar som gir opphav til skattemessige frådrag i framtida. Årets skattekostnad er sett saman av endringar i utsatt skatt og utsatt skattefordel, saman med betalbar skatt for inntektsåret, korrigert for feil i tidlegare års berekningar.

NOTE 2 | SEGMENTINFORMASJON - REGNSKAP FORDELT PÅ VIRKSOMHETER

1000 kr	Kraft- omsetn.	Produksjon	Distri- busjon	Brei- band	Tilsyn	Øvrig	Avstem. Eliminering	Totalt
Inntekter								
Kraftsal	25 152	2 420					-4 469	23 103
Overføringsinntekter			27 214					27 214
Innt. ved abb., måling, avregn.	8		41	30				79
Meir-/mindreinntekt (sjå note 3)			3 178					3 178
Gevinst ved avgang anleggsmidler			70					70
Andre varer og tjenester				13 466		76		13 542
Andre inntekter						5 287		5 287
Sum inntekter	25 160	2 420	30 503	13 496	0	5 363	-4 469	72 473
Kraftkjøp m.v.								
Kraftkjøp	24 176	456					-2 420	22 212
Nettap			2 049				-2 049	0
Kjøp av overføringstenester		-91	5 514					5 423
Varekostnader			16	6 543		1 710		8 269
Sum varekjøp	24 176	366	7 579	6 543	0	1 710	-4 469	35 904
Bruttoavanse	984	2 055	22 924	6 953	0	3 653	0	36 570
Driftskostnader								
Personalkostnader	595	272	12 240	2 717	39	1 306		17 169
Aktivert lønn			-2 323	-636				-2 959
Andre driftskostnader	1 347 ¹	106	6 206	1 739	664	2 957 ²		13 019
Avskrivningar	8	924	3 331	1 638		33		5 934
Nedskrivning på anleggsmidler						122		122
Eigedomsskatt		81	282	38				401
Tap på krav	36		72	13				121
Tap ved avgang anleggsmidler				1				1
Sum driftskostnader	1 986	1 383	19 808	5 510	703	4 418	0	33 807
Driftsresultat	-1 002	672	3 116	1 443	-703	-765	0	2 762

1. På kraftomsetning inngår kostnader til kjøp av elsertifikat i andre driftskostnader.

2. I øvrig virksomhet inngår gaver til almennyttige foremål.

Avkastningsgrunnlag Distribusjonsnett:

Sum driftsmidler 01.01	54 198
Sum driftsmidler 31.12	65 556
Gjennomsnittlige driftsmidler	59 877
1% påslag for netto arbeidskapital	599
<u>Sum avkastningsgrunnlag</u>	<u>60 476</u>
<u>Avkastning</u>	<u>3,99%</u>



NOTE 3 | MEIR-/MINDREINNTEKT

Med verknad frå 1997 har Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) innført ei inntektsrammeregulering for nettvirksomheten. NVE fastset årleg ei individuell inntektsramme for kvart nettselskap. Inntektsramma medfører at det vert sett eit tak for kor store inntekter eit nettselskap kan hente inn. Nettselskapet skal rekna ut tariffane (nettleiga) slik at inntekta for det enkelte år, så langt råd er, ikkje overstig inntektsramma og kostnadane som kan dekkast inn som et tillegg. NVE fastset inntektsramma slik at inntekta over tid skal dekke kostnadane ved drift og avskrivning av nettet. Inntektsramma skal gje ei rimeleg

avkastning på investert kapital gitt effektiv drift, utnytting og utvikling av nettet. Kvart år vert det rekna ut ei meir-/mindreinntekt som er differansen mellom faktiske tariffinntekter og tillatte inntekter (inntektsramme). Akkumulert meir-/mindreinntekt blir rekneskapsført som gjeld til eller fordring på nettkundane.

Ordninga med Kvalitetsjustert Inntektsramme for ikkje Levert Energi (KILE) vart innført frå 2001. Ordninga medfører ei mogleg justering av inntektsramma ved endringar i leveringskvaliteten og at nettselskapet vert belasta for kostnader ved avbrudd i nettet. I perioden 2001 til 2007 var det ei eiga KILE-ramme. Frå januar 2007 er KILE-kostnadane inkludert i den inntektsramma nettselskapet får frå NVE.

Meir-/mindreinntekt [1000 kr]	2018	2017
Sum faktisk nettleigeinntekt	27 255	25 626
Årlig inntektsramme	23 182	21 330
KILE	-103	-352
Justering meir -/ mindreinntekt	102	0
Eigedomsskatt	282	319
Tilbakeført mindreinntekt	0	0
Kostnader ved overliggjande nett (-)	5 514	5 269
Sum avvik avskrivn. og avkastning på avvik avkastningsgrl.	1 456	415
Sum "godkjent" inntekt / tariffinntekt	30 433	26 981
Akkumulert meir-(+) /mindreinntekt (-)	-3 178	-1 355
Akkumulert meir-/mindreinntekt [1000 kr]	2018	2017
Inngåande verdi på mindreinntekt 1.1	-3 812	-2 457
Inngåande verdi på renter mindreinntekt 1.1	-55	-17
Meir-mindreinntekt inkl. renter pr. 1.1	-3 867	-2 474
Årets meir-/mindreinntekt	-3 178	-1 355
Årets renter på meir-/mindreinntekt	74	38
Avskrivning mindreinntekt	0	0
Meir-/mindreinntekt inkl. renter pr. 31.12	-7 119	-3 867

NOTE 4 | NETTAP

Nettøpet er differansen mellom den samla energien målt i kWh som vert mata inn i nettet og den energien som fysisk vert brukt av abonnentane.

Ved utrekning av tapet i kroner vert det teke hensyn til kraftprisvariasjonar over året og at nettøpet varierer i takt med forbruket. Nettoøpet for 2018 er vist slik det kjem fram i rekneskapen pr. 31.12.2018.

	2018	2017	2016	2015	2014
Forbruk nettkundar	52 245	49 719	50 988	48 119	46 679
Tilført energi til eige nett	51 202	47 319	48 925	48 522	43 983
Innmating lokal produksjon	5 955	6 774	6 714	4 865	6 195
Sum tilført energi til eige nett	57 157	54 093	55 639	53 387	50 177
Nettøp i MWh	4 911	4 375	4 651	5 268	3 498
Nettøp i kroner ut frå vekta produksjonspris	2 049 038	1 206 523	1 154 120	1 055 303	869 358



NOTE 5 | LØNSKOSTNADER/ANTAL TILSETTE/GODTGJERSLE/PENSJONAR MM

	2018	2017
Løn	12 346 827	12 268 741
Folketrygdavgift	2 137 155	2 016 600
Pensjonskostnader	1 970 297	1 813 822
Andre ytingar	860 471	583 407
Aktivering løn knytta til investeringsprosjekt	-3 104 890	-2 723 475
Lønskostnader	14 209 861	13 959 094
Gjennomsnittleg antal tilsette	18,03	17,7
Godtgjersle (i kroner)	Elverksjef	Elverksjef
Løn	1 479 662	1 405 621
Anna godtgjersle	6 446	6 551
Godtgjersle til styre	394 163	316 562
Revisor		
Revisjon og revisjonsbesleкта tenester eks. mva*	151 700	147 000
Honorar for andre tenester frå revisor eks. mva	109 279	42 000

* Revisjon og revisjonsrelaterte tenester dekkjer alt arbeid som lov om god revisjonsskikk set krav om for at revisor skal kunna gi si revisjonsmelding i samsvar med ISA 700 til årsregnskapet, inkludert nødvendig ekstraarbeid og rådgjeving i høve til å kunne framlegge regnskapet i samsvar med lova sine krav.

SAMANSETTING AV SAMLA PENSJONAR OG PENSJONSFORPLIKTELSAR

Pensjonsforpliktelsane for dei tilsette er dekkja ved kollektiv pensjonsforsikring som omfattar totalt 17 tilsette. Av selskapets innbetalingar er kr 786 063,- balanseført som eigenkapitalinnskot.

I samsvar med unntaksreglane i Rekneskapslova § 5-10 har selskapet ikkje balanseført forsikra pensjonsforpliktelsar. Innbetalt pensjonspremie samsvarer med årets pensjonskostnad.

Selskapets pensjonsordning er i samsvar med krav i gjeldande lover vedrørande pensjonsforsikring.

NOTE 6 | FORDRINGAR

Kundefordringar:

Selskapet sine kundefordringar er oppført til pålydande med frådrag for forventta tap.

Kundefordringar fordeler seg slik:	2018	2017
Kundefordringar	19 532 800	15 445 074
Tap på krav	-357 989	-231 925
Sum	19 174 811	15 213 149

Andre langsiktige fordringar:

Fordringar som forfell til betaling meir enn ett år fram i tid:	2018	2017
Akkumulert mindreinntekt og renter mindreinntekt	7 119 000	3 867 000
Sum	7 119 000	3 867 000

NOTE 7 | VARELAGER

Selskapets varelager er oppført til lågaste verdi av kostpris og netto salgspris.

	2018	2017	Endringer
Varer til bruk i produksjon	3 685 348	2 683 047	1 002 301
Ukurransnedskrivning	0	0	0
Netto bokført verdi av varelager	3 685 348	2 683 047	1 002 301

NOTE 8 | BANKINNSKOT - BUNDNE MIDLAR

Av innestående i bank er kr 593 763,- bundne skattetrekksmidler. Dette er tilstrekkelig til å dekke skyldig skattetrekk pr. 31.12.

NOTE 9 | GJELD OG OBLIGASJONAR

Gjeld som fell til betaling meir enn fem år etter regnskapsårets slutt:	2018	2017
Gjeld til kredittinstitusjonar	0	20 013 500

NOTE 10 | AKSJAR OG ANDELAR I ANDRE SELSKAP

	Eigarandel	Anskaffelseskost	Balanseført verdi
Anleggsmidler:			
Sunnhordland Kraftlag AS	3,40 %	27 401 274	27 401 274
Eigedomsselskapet Gamle Fitjar Tinghus AS	20,00 %	60 000	60 000
Fitjar Kultur- og idrettsbygg AS	9,71 %	2 468 350	988 000
Fase-Vest		3 333	3 333
Atheno prosjektutvikling AS	1,02 %	90 000	90 000
Midtfjellet Vindkraft AS	1,84 %	17 000 000	17 000 000
Validør AS	0,32 %	27 900	27 900
Sun Elsikkerhet AS	18,00 %	5 400	5 400
Nettalliansen AS	1,00 %	22 000	22 000
Hitch AS	2,69%	345 160	345 160
Sum		47 423 417	45 943 067

NOTE 11 | PANTSTILLELSER OG GARANTIANSVAR

Balanseført langsiktig gjeld:	2018	2017
Gjeld til kredittinstitusjonar	41 614 584	35 573 500
Sum	41 614 584	35 573 500

NOTE 12 | SKATT

		2018	2017
Betalbar skatt framkjem slik:			
Ordinært resultat før skattekostnad		6 271 883	6 395 545
Permanente forskjellar		-4 157 256	-5 233 885
Endring midlertidige forskjellar		292 572	297 596
Anvendelse av framførbart underskot		0	0
Grunnlag betalbar skatt		2 407 199	1 459 256
Betalbar skatt på inntekt	23% / 24%	553 656	350 222
Betalbar skatt på formue	0,15%	299 213	276 598
Sum betalbare skattar		852 869	626 820
Årets skattekostnad framkjem slik:			
Betalbar skatt på årets resultat		553 656	350 222
Betalbar skatt på skattemessig formue		299 213	276 598
Avrekning betalbar skatt tidlegare år		0	15 179
Brutto endring utsatt skatt		13 713	6 656
Årets totale skattekostnad		866 582	648 655
<hr/>			
		2018	2017
Betalbar skatt i balansen framkjem slik:			
Betalbar skatt på årets resultat		553 656	350 222
Betalbar skatt på formue		299 213	276 598
Betalbar skatt tidlegare år		0	0
Sum betalbar skatt		852 868	626 820
Spesifikasjon av grunnlag for utsatt skatt/utsatt skattefordel:			
Forskjellar som utliknast:			
Anleggsmidlar		-9 464 220	-9 441 570
Fordringar		-357 989	-231 925
Pensjon		786 063	696 000
Varelager		0	0
Gevinst og tapskonto		935 678	1 169 599
Andre midlertidige forskjellar		0	0
Sum forskjellar		-8 100 468	-7 807 896
Underskot til framføring		0	0
Sum		-8 100 468	-7 807 896
Begrensning mhp balanseføring skattefordel/utsatt skatt		0	0
Grunnlag utsatt skattefordel/utsatt skatt		-8 100 468	-7 807 896
Utsatt skatt av midlertidige forskjellar	22% / 23%	-1 782 103	-1 795 816

NOTE 13 | EIGENKAPITAL

Eigenkapital:	Partskapital	Etterbetalings- fond	Annan eigenkapital	Sum
Eigenkapital 31.12.2017	4 943 669	5 000 000	88 242 316	98 185 985
Årets endring i egenkapital:				
Netto tilgang nye partar	187 500		138 000	325 500
Renter på innløyste partar	-30 927		18 510	-12 417
Renter på partskapital	34 606		-34 606	0
Årsresultat			5 405 301	5 405 301
Eigenkapital 31.12.2018	5 134 848	5 000 000	93 769 521	103 904 369

Rentesatsen på partskapitalen er 0,7 % jfr. årsmøtevedtak.

NOTE 14 | ANDRE DRIFTSKOSTNADER

Spesifikasjon av posten andre driftskostnader	2018	2017
Tap på krav	121 320	-40 821
Eigedomsskatt	400 645	403 244
Kostnader administrativ infrastruktur (telefon, strøm, data mv.)	1 292 478	877 639
Transport og reisekostnader	244 054	325 688
Kjøp av eksterne tenester	5 071 653	3 141 845
Forbruk av varer og tenester	2 877 130	2 391 138
Ålmennyttige foremål / sponsorstøtte	655 007	543 515
Andre kostnader	2 884 991	4 539 289
Sum	13 547 277	12 181 537

NOTE 15 | ANNA KORTSIKTIG GJELD

Spesifikasjon av posten anna kortsiktig gjeld:	2018	2017
Påløpne feriepengar	1 343 435	1 347 625
Påløpne renter	205 674	99 580
Påløpne kostnader	306 760	1 261 892
Sum	1 855 870	2 709 097

NOTE 16 | FINANSINTEKTER OG FINANSKOSTNADER

Finansinntekter

Andre finansinntekter

Valutagevinst	0
Renteinntekter	134 417
Sum andre finansinntekter	134 417

Finanskostnader

Andre finanskostnader

Rentekostnader	1 058 876
Valutatap	107 542
Finansiell handel - straum	0
Verdireduksjon finansielle omløpsmidler	0
Sum andre finanskostnader	1 166 418



NOTE 17 | VARIGE DRIFTSMIDLAR OG IMMATERIELLE EIGEDLAR

1000 kr	Transport- midlar, maskinar	Inventar, EDB, utstyr	Kraft- stasjonar	Distri- busjon- nett	Tariff- apparat	Brei- band	Anna Energi	Bygg/ tomter	Anlegg under utføring*	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01	2 610	3 217	23 484	77 051	768	28 249	229	14 442	6 091	156 141
Tilgang i året	0	176	0	14 598	0	2 736	0	0	-4 555	12 956
Avgang i året	1 030	1 121	0	42	768	3 434	229	0	0	6 624
Anskaffelseskost pr. 31.12	1 580	2 272	23 484	91 607	0	27 551	0	14 442	1 536	162 473
Akk. av- og nedskriv. pr. 01.01	2 595	2 818	17 553	33 221	768	21 847	95	4 379	0	83 276
Årets ordinære avskrivningar	10	151	924	2 847	0	1 566	11	425	0	5 935
Avgang akk. av- og nedskriv.	1 024	1 121	0	42	768	3 434	106	0	0	6 496
Akk. av og nedskriv. pr. 31.12	1 581	1 848	18 477	36 026	0	19 979	0	4 804	0	82 715
Bokført verdi pr. 01.01	16	400	5 931	43 829	0	6 402	134	10 063	6 091	72 867
Bokført verdi pr. 31.12	0	424	5 007	55 581	0	7 572	0	9 638	1 537	79 760

*Anlegg under utførelse gjeld ulike prosjekt som ikkje er sett i drift ved årsskiftet.

INVESTERINGAR SISTE 5 ÅR

Investeringar

1000 kr	Transport- midlar, maskinar	Inventar, EDB, utstyr	Kraft- stasjonar	Distri- busjon- nett	Tariff- apparat	Brei- band	Anna Energi	Bygg/ tomter	Anlegg under utføring	Sum
2014	0	58	968	1 296	0	948	0	31	2 760	6 060
2015	19	155	-423	10 351	0	1 063	0	61	407	11 632
2016	0	137	0	4 600	0	1 827	0	125	3 567	10 256
2017	0	164	0	7 858	0	3 020	0	63	-643	10 463
2018	0	176	0	14 598	0	2 736	0	0	-4 555	12 956
Sum	19	690	546	38 702	0	9 594	0	280	1 536	51 366



FOTO: FITJAR KRAFTLAG | GRAFISK PRODUKSJON: IBOX PROFIL